



## LOVHEFTE FOR

## STORD IDRETTSLAG.

Revisjon. 2009

### LAGSNAMN

Laget sitt fulle namn er **Stord Idrettslag**  
(Forkorta til **S.I.L**)

### § 1 FØREMÅL

Laget er sjølveigande og firtstående med berre personlege medlemmer. Laget sitt føremål er ved samarbeid og kamaratskap å fremja sport og idrett i sunne former organisert i Norges Idrettsforbund. (NIF)

### § 2 ORGANISATORISK TILKNYTING

Laget er medlem av Norges Idrettsforbund gjennom Hordaland Idretts-krets og dei særforbund som årsmøtet i laget gjer vedtak om å slutta seg til.

Laget hører heime i Stord Kommune, og er medlem av Stord Idrettsråd i kommunen.

### § 3. MEDLEMMER.

Alle som vil retta seg etter laget og overordna idrettslege organ sine lover kan takast opp som medlem.

Alle medlemmer pliktart å følgja lovene til Norges Idrettsforbund og dei lover og vedtketer som gjeld for NIF sine organisasjonsledd og for laget.

# STORD IDETTSLAG LOVHEFTE

---

Ved innmelding gjev ein opp alder og adresse, og om søkjaren har vore medlem av eit lag tilstutta Norges Idrettsforbund. Alle som blir tekne opp som medlem, skal straks føreast i inn medlemsprotokollen.

Ein søkjar kan ikkje bli medlem utan at t tidlegare økonomiske forhold til andre organisasjonsledd og medlemmer i NIF er ordna. Medlemskap i laget og blir rekna frå den dagen første kontigent er betalt.

## § 4 STEMMERETT OG KVEN SOM KAN VELJAST

### § 4-1. STEMMERETT

Ein medlem har stemmerett på laget sine møter, når han/ho har fylt 15 år og har vore medlem av laget minst 1-ein-månad, og ikkje skuldar kontigent Alle medlemmer som har stemmerett, og som ikkje er arbeidstakar i laget, kan veljast til tillitsverv i laget, som representant til ting eller møte i overordna idrettsorganisasjon.

### § 4-2. KVEN KAN VELJAST.

Ingen kan samtidig vera leiar eller nestleiar i underordna og overordna organisasjonsledd, bortsett frå at ein leiar eller nestleiar i eit lag kan vera leiar eller nestleiar i idrettskret, særforbund, særkrets eller idrettsråd.

### § 4-3. KJØNNSFORDELING

Ved val/oppnemning av representantar til ting og medlemmer til styre, utval og råd, skal det vera kandidatar frå begge kjønn. Kjønnsfordelinga i laget og gruppene skal vera retningsgjevande for samansetjinga, slik at det skal vera minst 2 - to - representantat for kvart kjønn.

Dette gjeld ikkje råd og utval som har 3 eller færre medlemmer. Her skal det være minst ein representant av kvart kjønn.

## § 5 KONTINGENT

Kontingenten vert fastsett av årsmøtet, og skal betalast forskotsvis. Medlemmer som skuldar kontigent for meir enn 1 - eitt - år misser rettane sine, og kan av styret strykast som lagsmedlem. Ein medlem som vert stroken, kan ikkje takast inn att i laget før skuldig kontigent er ordna.

## §6 TILLITSVALDE SI GODTGJERDSLE

Tillistvalde kan motta eit rimelig honorar for arbeidet sitt, og refusjon for faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsforteneste. Utgifter til godtgjersle og refusjon for faktiske utgifter skal gå fram av laget sitt budsjett og rekneskap.

## § 7 HABILITET

For laget sine tillitsvalde, oppnemnde tillitspersonar og tilsette, gjeld NIF sine habilitetsreglar, jfr. NIF\*s lov § 2 - 7.

## § 8 STRAFFESAKER

For alle straffesaker gjeld NIF.s lov, kap. 11.

## § 9 ÅRSMØTE

Laget sitt høgaste, styrande organ, er årsmøtet som vert halde kvart år i mars månad, og skal kallast inn med 1 - ein - månads varsel ved kunngjering i pressa eller direkte til medlemmene. Forslag må vera sende til styret seinast 2 - to - veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument må vera tilgjengelig for medlemmene seinast 1 – ein – veke før årsmøtet.

Alle laget sine medlemmer kan møta på årsmøtet. Årsmøtet kan invitara andre personar og / eller media.

# STORD IDETTSLAG LOVHEFTE

---

Årsmøtet gjer vedtak med det talet av medlemmer som møter og som har stemmerett, Årsmøtet er vedtaksført når det minst møtar eit tal som tilsvarer talet på styremedlemmer.

Ingen har meir enn ei stemme og stemmegjeving kan ikkje gjevast ved fullmakt.

På årsmøtet kan ein ikkje behandla forslag om lovending som ikke er ført opp på saklista seinast 2 - to - veker før årsmøtet. Andre saker kan behandlast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slik avgjerd kan berre takast i samband med vedtak om godkjenning v sakliste. Jfr.NIF\*s lov § 2-9.

## § 10 LEIING AV ÅRSMØTET

Årsmøtet skal leiast av vald dirigent. Dirigenten treng ikkje vera medlem av laget.

## § 11 STEMMEGJEVING PÅ ÅRSMØTET

I alle saker skal vedtak, for å vera gyldige, bli avgjort med fleirtal av dei gjevne stemmene, når ikkje anna er bestemt i lova. Dei vedtak som blir gjort, må vera i samsvar med dei overordna idrettsorganisasjonene sine lover og vedtekter.

Blanke stemmesetlar tel ikkje, og vert ikke rekna som godkjende stemmer.

Alle val skal vera skriftlege, dersom det ligg føre meir enn eitt forslag. Berre kandidatar som er kome forslag på, kan førast opp på stammesetlane. Skal fleire veljast i same valomgang, må stemmesetlane innehalde det tal av ulike kandidatar som skal veljast. Stemmesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar som det ikke har vore forsalg på, eller har anna tal av kandidatar enn det som skal veljast, tel ikkje og stemmesetlane vert avviste.

Alle medlemmene av hovudstyret skal veljast einskildvis.

Når eit val føregår einskildvis, og ein kandidat ikkje får fleire (dvs. meir enn halvparten av dei gjevne stemmene), skal ein foreta bunde omval mellom dei 2 kandidatene som har fått flest stemmer. Er det ved omval likt stemmetal, skal valet avgjerast med loddtrekking.

Når fleire skal veljast ved ei avstemming, må alle ha meir enn halvparten av dei gjevne stemmene for å vera valde. Dersom ikkje mange nok kandidatar får dette ved første røysting, er dei valde som har fått meir enn halvparten av røystene. Dette gjeld ikkje ved val av vararepresentantar. Det vert så bunde omval mellom dei kandidatane som tår att, og etter denen røystinga er dei valde som har fått flest stemmer. Er det likt stemmetal ved omval, skal valet avgjerast ved loddtrekking.

## § 12. ÅRSMØTET SINE OPPGÅVER.

Årsmøtet skal:

1. Velja ordstyrar (dirigent) og møtereferent, samt to til å skriva under protokollen frå møtet.
2. Godkjenna årsmøteinnkalling og dagsorden.
3. Behandla årsmelding frå hovudstyret.
4. Behandla årsmelding frå gruppestyra.
5. Behandla og godkjenna reviderte rekneskap for laget og gruppene. (Regnskapsåret er frå 01.01 – 31.12.)
6. Behandla innkomne forslag.
7. Godkjenna dei valde gruppestyra.
8. Vedta laget og gruppene sine budsjett.
9. Fastsetja kontingent for laget.
10. Fastsetja laget sin organisasjon (Jfr. § 15)
11. Velja hovudstyre for 2 – to – år om gongen.
  - a) Leiar
  - b) Nestleiar.
  - c) 4 medlemmer, kor ein representerar dei unge aktive.

# STORD IDETTSLAG LOVHEFTE

---

d) Med unge aktive meines ungdom mellom 13 og 25 år.

Velja følgjande tillitsvalde for 1 – eitt – år om gangen:

- a) Kontroll komite, 3 medlemmer med personlege varamenn.
- b) Disiplinærutval, 3 medlemmer med personlege varamenn.
- c) Idrettsmerkeutval, 3 medlemmer
- d) Heidersmerkeutval, 3 medlemmer.
- e) Representantar til Stord Idrettsråd.
- f) Stord Opplysningsråd og folkeakademi. 1 representant.
- g) Valnemnd, 3 medlemmer.
- h) Val av 2 styremedlemmer til Stord Idrettspark a/s.

12. Tilsetja statsautorisert revisor og godkjenna hans honorar.

## § 13. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan haldast når hovudstyret eller overordna organisasjonsledd bestemmer det, eller når minst ein tredjedel av medlemmene som har stemmerett krev det.

Det skal kallast inn og kunngjerast på same måte som til ordinære årsmøte med minst 14 dagars varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan berre behandla og ta avgjerdsle i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

## § 14 HOVUDSTYRET

Laget vert leia av styret, som er høgaste styringsorgan mellom årsmøta. Hovudstyret skal:

1. Setja i verk dei vedtak som vert gjort av årsmøtet i laget og av overordna idrettsorgan.

2. Nemna opp komitear, utval og personar for særskilde oppgåver etter behov. Utarbeida instruks for desse organa og / eller personane.

3. Tilsetja / engasjera fagleg personell etter behov.

4. Administrera og styra laget sin økonomi i samsvar med gjeldande instruks og bestemmelsar for idretten.

5. Vera representantar for laget.

Hovudstyret hel møte når leiaren eller eit fleirtal av styremedlemmene krev det.

Eit styremøte kan gjera vedtak når eit fleirtal av medlemmene er til stades. Alle vedtak skal gjerast med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved likt stemmetal, tel stemma til møteleiaren dobbelt. Frå møta i hovudstyret skal det førast møtebok. Møtereferata skal sendast medlemmene i kontrollkomiteen.

## § 15. GRUPPER / AVDELINGAR

1. Gruppestyra skal veljast på gruppene sine årsmøte og skal godkjennast av laget sitt årsmøte. Eit gruppestyre skal ha minst 5 - fem - medlemmer og ein av desse skal fungera som utdanningskontakt. Årsmøtet i gruppene skal haldast før årsmøtet i laget og vedtektene i § 9 skal gjelda så langt det passar.

2. Gruppestyret er ansvarleg for gruppa sin økonomi både i høve til gruppeårsmøtet og hovudstyret i laget. Gruppeårsmøta fastset den årlege treningsavgifta som er gruppa sine midlar. Heile laget heftar for gruppene sine økonomiske plikter. Gruppene kan ikkje inngå avtalar, eller stå som representant for idrettslaget utan hovudstyret si godkjenning. Dette inneber bl.a. at det berre er laget sitt hovudstyret som kan tilsetja personar, og inngå sponsoravtalar som forpliktar hovudlaget økonomisk.

3. Gruppestyra skal behandla alle idrettsfaglege saker som gjeld deira idrettsgrein, og leggja fram på laget sitt årsmøte melding om gruppa sin aktivitet, deltaking og plassering i serie/stemne os.v. iflg. idretten sine vedtekter.

## STORD IDETTSLAG LOVHEFTE

---

4. Innkalling til og referat frå gruppestyremøta skal sendast til leiaren i laget.

5. Gruppas leiar eller nestleiar skal møte på de to felles møter som hovudlaget arrangerer for felles informasjon.

6. For barneidrett gjeld egne regler, jamfør reglar vedteken på Idrettstinget i 1987. Laget har eigen gruppe for barneidrett for unge frem til dei fyller 9 år. og dei andre gruppene skal støtta barneidrettsgruppa aktivt. Hovudlaget skal ha eget styremedlem for unge aktive.

### § 16. LOVENDRING.

Endringar i denne lova kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte i laget, og skal stå som sak på saklista.

Ved lovendringar krev ein 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene.

Lovendringar må godkjennast av styret i NIF, og trer ikkje i kraft før dei er godkjende.

### § 17 OPPLØYSING

Oppløysing av laget kan berre gjerast på ordinært årsmøte. Vert oppløysing vedteke med 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3-tre-månader seinare. For at laget skal løysast opp, må vedtaket her også gjerast med 2/3 fleirtal.

Samanslåing med andre lag ser ein ikkje på som oppløysing av laget. Vedtak om samanslåing og nødvendige lovendringar i samsvar med det, skal gjerast i samsvar med reglar om lovendringar jfr. § 2-15.

Dersom laget vert oppløyst, skal laget sine eignelutar forvalta av Norges Idrettsforbund eller formål som er godkjende av Idrettskretsstyret. Laget sitt arkiv skal sendast til Hordaland Idrettskrets. Varsel om at eit lag skal løysast opp, skal sendast Hordaland Idrettskrets 14 dagar før laget held møte som skal behandla saka.

§ 17 i denne lova kan ikkje endrast.

# STORD IDETTSLAG LOVHEFTE

---